



Kålås Bygg AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/381 - 19/10646

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
01.04.2019

## Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 147/47 Sellevoll

Det vert vist til søknad om dispensasjon og oppføring av tilbygg til gbnr 147/47 journalført mottatt 08.02.2019. Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 27.03.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

**«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl 11-6, rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av 2 tilbygg og terrassar til eksisterande bustad på gbnr 147/47 slik det er søkt om.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve løyve i eitt-trinn for oppføring av tilbygg og terrasse i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.10.2018, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om.**

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:**  
**1.Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

### **Bortfall av løyve**

**Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.»**

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering i eige skriv.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon og oppføring av tilbygg til eksisterande bustad - gbnr 147/47 Sellevoll

**Kopi til:**

Dan André Litleskare	Skarsvegen 545	5911	ALVERSUND
Dan André Litleskare	Skarsvegen 545	5911	ALVERSUND
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
---------------	-----------------	------	-------------